



FAGFORBUNDET
HORDALAND



I år er det kanskje **din** arbeidsplass som har fortent

ARBEIDSMILJØPRISEN?

Fagforbundet i Hordaland, Utdanningsforbundet i Hordaland og KS deler i fellesskap kvart år ut ein arbeidsmiljøpris i samband med den årlege Arbeidsmiljøkonferansen i Ulvik. Konferansen er i år lagt til 20.-21. oktober.

Alle kommunar, fylkeskommunen, kommunale og fylkeskommunale arbeidsplassar er moglege kandidatar til prisen. Det kan og vera aktuelt å gje prisen til **ei** avdeling, **ein** institusjon eller **ein** skule innan dei kommunale/fylkeskommunale arbeidsplassane.

Overordna for tildelinga av prisen er at det må vera eit samarbeidstiltak eller eit partssamansett arbeid mellom arbeidsgjevar- og arbeidstakarsida og at tiltaket kan stå som eit godt eksempel for andre.

Som døme på arbeidsmiljøtiltak som kan kvalifisera for prisen kan nemnast:

- **Gode tiltak eller prosjekt innanfor satsingsområda for eit meir inkluderande arbeidsliv – IA – redusert sjukefråvær, auke i den reelle pensjonsalder eller tilsetjing av fleire arbeidstakrar med redusert funksjonsevne.**
- **Gode samarbeidstilhøve mellom arbeidsgjevar og arbeidstakrar, med velfungerande ordningar og praksis, i høve medråderett og verneteneste**
- **Livsfaseorientert personalpolitikk**
- **Livsfaseorientert kompetanseutvikling.**
- **Omstillingsarbeid der omsynet til brei medverknad og IA er godt teke vare på.**

Alle tilsette kan føreslå kandidatar til prisen. Forsлага kan sendast KS på e-post kshordaland@ks.no eller per post til P.b. 7900, 5020 Bergen eller på faks nr. 24 13 26 56 **innan 15. september 2015.**